



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 2049e53d-ed50-48eb-
b8ac-c7d1bfff69930

Vår: 23/331 - 23/6653

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:

04.02.2023

Uttale - begrensa høyring av justert planforslag - Detaljregulering for Framo AS

Vi viser til oversendingsskriv datert 08.01.2023, det er bedt om ei avgrensa uttale i forbindelse med at det er gjort endringar i planforslag for detaljregulering Framo Flatøy AS, gbnr 1/57/planid.: 1256 2018 0004.

Frist for å komme med uttale er i oversendingsskriv sett til 10.02.2023.

Uttale frå byggesak

Det må gå fram av føresegna kva status illustrasjonsplanen skal ha. Vi ser at ein har teke ut at den skal ha juridisk bindande verknad. Det er fleire stadar i føresegna vist til illustrasjonsplan. Blant anna at ein kan sette opp gjerde for å sikre bratte skråningar og åtkomst til området som vist på illustrasjonsplan, og det ligg og krav om rekkefølge til opparbeiding av grønt område som berre er vist i illustrasjonsplanen jf. føresegna pkt. 5.3.

Om ikkje illustrasjonsplanen skal være juridisk bindande må tiltak som det er knytt krav om rekkefølge til leggast inn på plankartet, med dette meiner vi at plassering og omfang av grøntområde, sikringsgjerde, ISPS- gjerde bør vere synt på plankartet.

Pkt. 2.2. jf. Plankart, føresegna seier at der byggegrenser ikkje er vist på plankart så går dei i formålsgrænse. Vi kan ikkje sjå at det ligg byggegrense på plankartet, ein kan då bygge innan alle byggeområda heilt ut i formålsgrænse innanfor områder avsett til bygg og anlegg. Om det er dette som er intensjonen så bør ein justere ordlyden i føresegna til at byggegrense går i formålsgrænse.

Pkt 3.1.3 i føresegna må ein vise til felt namn BKT, pkt 3.3 bokstav c må flyttast til pkt. 3.1.3 og henvise til BKT ikkje GV1.

Føresegna (pkt 5.4 b) seier at bygget i BKT skal dokumenterast før det vert riven, bør spesifisere i høve kva regelverk ein her tenker på. Riving av bygg er søknadspliktig etter pbl med forskrift og skal i utgangspunktet vere ivareteke utan at ein skulle trenge å ha det med i føresegna så fram det ikkje er omsyn utover det som er ivareteke i gjeldande regelverk.

Pkt. 3.2.6 bokstav e) her er det skrivefeil står f)SV6 – vil tru det skal stå f_SV6

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG